



## AVTALE OM OPPSETTING AV SPERREGJERDE

Mellom eigar av \_\_\_\_\_ gnr. \_\_\_\_\_ bnr. \_\_\_\_\_ og  
\_\_\_\_\_ beitelag er det inngått følgjande avtale:

1. \_\_\_\_\_ beitelag får løyve til å sette opp sperregjerde over eigedomen \_\_\_\_\_ gnr. \_\_\_\_\_ bnr. \_\_\_\_\_  
Sperregjerdet er på til saman \_\_\_\_\_ meter og går frå-til \_\_\_\_\_.
2. Beitelaget skal sette opp grunder/ overgangar/ferister i sperregjerdet etter nærare avtale med grunneigar. Dette skal avklarast før oppsettinga tek til.
3. Laget er ansvarleg for vedlikehaldet av sperregjerdet.
4. Dersom sperregjerdet må takast ned i samband med hogst eller anna, skal laget få beskjed om dette minst 1 mnd. i førevegen og **før** telen er komen i jorda.
5. Denne avtala gjeld for 10 år med automatisk forlenging for 1 år om gongen etter den tid. Avtala kan ikkje seiast opp før 10 år er gått, og då med 1 års varsel.
6. Dersom sperregjerdet ikkje lenger har nokon funksjon eller at laget ikkje oppfyller avtalen, skal laget fjerne gjerdet/grunneigar overta gjerdet utan vederlag.
7. Tvistar om denne avtalen skal avgjerast ved mekling. Denne avgjerda er bindande for partane.
8. Avtalen kan tinglysast og utgiftene med dette skal dekkjast av den som krev det.
9. Dato og signaturar: \_\_\_\_\_  
(stad og dato)

\_\_\_\_\_  
(grunneigar)

\_\_\_\_\_  
(beitelaget)

Vitne:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_



## **KOMMENTARAR TIL AVTALE OM OPPSETTING AV SPERREGJERDE**

1. Det bør gå klart fram av avtalen kva for eigedom sperregjerdet skal gå over, kor langt det er og kva for materiale dette er bygd av.
2. Det vil vera svært viktig for å få aksept for sperregjerdet hos brukarar av området og for å unngå stor slitasje og skader på dette at det blir planlagt og laga nok gjennom/overgangar i gjerdet.
3. Det er viktig at ein ikkje tek på seg gjerdeplikt som i utgangspunktet ligg hos andre utan at det er heilt nødvendig for å få beitebruken til å fungere i praksis. I spesielle tilfelle kan det vera aktuelt å dele på oppgåvene og kostnadane, t.d. ved at beitelaget tek på seg oppsettet mot at grunneigar tek seg av vedlikehaldet. NB: Elektriske gjerde skal merkast med eigne skilt.
4. I tilfelle der varslinga ikkje blir gjennomført etter avtalen og skader på sperregjerdet oppstår, kan det vera aktuelt å beskrive kva slags ansvar grunneigaren har. Fjerning av sperregjerde på enkelte strekningar utanom beitesesongen kan òg vera aktuelt. Dette bør tidfestast.
5. Avtalen må, for at det skal kunne ytast tilskot til ferista, i utgangspunktet gjelde for minst 10 år. Ut over den perioda kan avtalen seiast opp med eit varsel på minst 1 år. Dersom avtalen blir brote på eitt eller fleire punkt før 10 år er gått, kan resultatet sjølvstøtt bli at avtalen blir sagt opp.
6. Her må ein velja det alternativet som passar best i kvart tilfelle.
7. Dette er ein vanleg og grei måte å løyse tvistar på.
8. Tinglysing av ei avtale vil vera med på å gjera denne sterkare. Det vanlege er at den som gjennom avtala får lov til å kome inn på ein annan sin eigedom, må dekke utgiftene med tinglysinga.